

511.16g



**DET KONGELIGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Stortingets ombudsmann for forvaltningen
Postboks 3 Sentrum
0101 Oslo

Deres ref

Vår ref
00/01587-26

Dato
18 APR 2006

**Revisjon av konsesjonsvilkår for Årdalsvassdraget - Klage frå Årdal
Elveeigarlag**

Departementet viser til Dykkar brev av 21.03.2006 om sakshandsamingstida i Olje- og energidepartementet for revisjon av konsesjonsvilkår for Årdalsvassdraget.

Konsesjonsvilkåra i ein konsesjon for vassdragsregulering regulerar mellom anna forholdet mellom konsesjonæren og dei allmenne interessene. Det er dette forholdet som er grunnlaget for revisjon av vilkåra. Konsesjonsstyresmaktene (NVE og departementet) har derfor lagt til grunn at det er representantar for allmenne interesser som kan ta initiativet til revisjon. I dei fleste tilfella vil det vere kommunar, men òg friluft- og naturvernorganisasjonar, velforeiningar, grendelag med vidare kan krevje revisjon. Grunneigarinteresser og andre private interesser kan ikkje krevje revisjon.

./.
NVE utarbeida i 1998 ei rettleiing for saksgangen i revisjonssaker (V-notat 9-98).
Rettleiinga følgjer vedlagt til orientering.

Hjelmeland kommune sette fram endeleg krav om revisjon i brev av 18.11.1998 til NVE. Seinare kom det òg krav frå ein privatperson knytt til Stølsåna. På bakgrunn av krava, kommentarar frå konsesjonæren til desse, samt synfaring i vassdraget, vedtok NVE i brev av 29.06.2000 til konsesjonæren at det skulle finne stad ein revisjon av konsesjonsvilkåra. Samtidig blei selskapet pålagt å utarbeide eit revisjonsdokument. Revisjonsdokumentet blei kunngjort i dei lokale avisene og sendt på høyring til mellom anna kommunane og lokale organisasjonar.

NVE gav si innstilling i saka i brev av 26.03.2003 til departementet.

Departementet sendte innstillinga på høyring til dei kommunane som har vassdrag som er omfatta av revisjonssaka, fylkeskommunen og til departementa med interesse i revisjonssaka. Representantar frå departementet var på synfaring i området, og heldt møte med partane i september 2004.

Det er stor interesse for revisjonssakene frå kommunane, særleg gjennom Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK). Det har vore usemje mellom konsesjonsstyresmaktene og LVK om sakshandsaminga og om kva ein revisjon skal omfatte, noko som har vore medverkande til at sakene har teke lang tid. Vinstra-saka, der NVE gav si innstilling til departementet i brev av 24.03.2003, var den første saka om revisjon av konsesjonsvilkår, og den vart utpekt til prøvesak.


Det har vore ein føresetnad at Årdal-saka skulle slutthandsamast så snart Vinstra-saka var ferdig handsama. Dette har kommunane og andre interessentar, blant dei Årdal Elveeigarlag, vorte orientert om både på synfaringa og seinare over telefon. På bakgrunn av at Elveeigarlaget har vore orientert som nemnt ovanfor, har ikkje departementet funne det naudsynt med skriftleg informasjon.

Departementet vil peike på at Vinstra-saka som dei andre revisjonssakene er sers kompliserte både rettsleg og politisk. Sentralt i dei fleste sakene står krav om auka minstevassføring, pålegg om omfattande kulturminnevilkår og krav om kompensasjon for tidlegare utbygging. Styresmaktene må her mellom anna ta omsyn til kraftoppdekkinga frå vasskrafta og kraftverksøkonomi i tillegg til dei allmenne interessene. Det er sers tidkrevjande å få løyst slike sentrale spørsmål knytt til revisjonssakene. Departementet arbeider no for å få løyst dei prinsipielle spørsmåla i Vinstra-saka så snart som mogleg, slik at styresmaktene kan fatte avgjerd i denne saka i inneverande år.

Etter fullmakt



Per Håkon Høisveen
ekspedisjonssjef



Harald Solli
avdelingsdirektør